

A wooden sign with the text "ROGALAND ARBORET" is mounted on three vertical wooden posts. The sign is made of a single piece of wood with a natural, weathered texture. The background is a dense forest of tall, dark green coniferous trees under a clear blue sky. In the foreground, there are several smaller, young evergreen trees planted in a row, with dark mulch around their bases.

ROGALAND ARBORET

**Årsmelding for 2012**

# INNHALD

Styret, underutvalg og arbeidsgrupper .....	s. 3
Representantskapsmøte .....	s. 4
Tilsette og ekstrahjelp .....	s. 5
Arboretprisen og Magnoliaprisen .....	s. 6
Markering av 40-års jubiléet .....	s. 7
Dugnad og arbeidshjelp .....	s. 8
<u>Forskningsrelatert aktivitet:</u>	
– Fagkontakt og forskningssamarbeid .....	s. 9
– Rapport frå vitenskapeleg medarbeidar .....	s. 9
<u>Formidling og forvaltning:</u>	
– Undervisning og informasjon .....	s. 10
– Omvising og orientering .....	s. 10
– Fugleprosjektet .....	s. 11
– Registrering av sopp .....	s. 12
– Flaggermusprosjektet .....	s. 13
– Generelt plantearbeid .....	s. 15
– Vegetasjonskontroll .....	s. 15
– Dammar, vegar, plenar .....	s. 15
– Rydding og hogst .....	s. 16
– Flis og ved .....	s. 17
– Brannvern .....	s. 17
– Bygningar og anlegg .....	s. 17
– Bil, maskinar og utstyr .....	s. 18
– Kontor og administrasjon .....	s. 18
– Planar om nybygg .....	s. 18
– Diverse .....	s. 19
– Vegar og stiar i Rogaland Arboret .....	s. 20
Støtte til Arboretet .....	s. 21
Resultatrekneskap 2012 for stiftelsen Rogaland Arboret .....	s. 23
Årsberetning 2012 for stiftelsen Rogaland Arboret .....	s. 29
Revisorberetning 2012 for stiftelsen Rogaland Arboret .....	s. 30
Resultatrekneskap 2012 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond .....	s. 33
Årsberetning 2012 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond .....	s. 36
Revisorberetning 2012 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond .....	s. 37
Likviditetsbudsjett for 2013 .....	s. 39
Arbeidsplan for 2013 .....	s. 40
Utplanta i 2012 .....	s. 41
Vedtakter for stiftelsen Rogaland Arboret .....	s. 43
Vedtakter for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond .....	s. 44
Sponsorside – med logoar .....	s. 47

# Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

## Årsmelding for 2012

### STYRET

Etter Representantskapsmøtet 30.04.2012 har samansetninga vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Ragnvald Albretsen, formann	2015*)	Nina-Elisabeth Molven (1)	2013
Ivar Sørensen, nestformann	2013	Evald S. Traa (2)	2013
Torill Idland	2015	Anne Marie Joa (3)	2013
Martha Lea	2013		
Reidunn Oline Skadsem	2013		
Olav Folkvord	2013		
Ole Harald Myklebust	2013		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

\*) Formannen er på val kvart år.

### Faglig utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2015
Ole Lima	01.07.2013
Inge Christ	01.07.2015
Anne-Cathrine Scheen	Fast medlem som vitenskapeleg medarbeidar
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

### ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

#### Representantskapet

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordførar i Representantskapet	Bjørn Bråtveit, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	Sumergo DA
Valkomité – årleg val	Steinar Borgen, leiar
	Kjerstin Ropeid
	Arne Øvstebø

### Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Ragnvald Albretsen, Ivar Sørensen og John Ivar Lima

Prosjektgruppa for nybygg: Aase Lærdal, Ragnvald Albretsen, Olav Folkvord, Ole Harald Myklebust, Jøran Oseland.

### Møte

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møte
Faglig utvalg	3 ordinære møte

## **Representantskapsmøtet 30.04.2012**

17 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå Styret møtte Martha Lea, Aase Lærdal, Reidunn Oline Skadsem, Nina-Elisabeth Molven, Olav Folkvord og Ragnvald Albreten. Frå staben møtte John Ivar Lima. Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Kåre Hauge.

### **Konstituering**

Som referent blei vald John Ivar Lima. Margunn Fjetland Sjølyst og Kåre Strand blei valde som medunderskrivarar til protokollen.

**Årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding** blei samrøystes godkjende utan særskilde merknadar.

Spørsmål og kommentarar blei svarde på fortløpande av hhv. styreformannen og driftsleiar under gjennomgangen av årsmeldinga. Frå Klepp kommune blei det påpeika at dei ikkje hadde registrert nokon form for initiativ frå Sandnes kommune etter det felles infomøtet i Arboretet juni 2011. På spørsmål blei det også orientert om status ang. byggjesaka og tema omkring dette. Frå Hageselskapet sin representant blei det påpeika den gode erfaring han hadde med målretta jakt på rådyrgeiter.

### **Val**

Alle val var i samsvar med valkomitéen sitt forslag.

Ragnvald Albreten blei samrøystes attvald i **styret** ved akklamasjon. Albreten blei også attvald som **formann** i 1 år ved akklamasjon. Aase Lærdal hadde fråsa seg attval, og Torill Idland blei vald for 3 år i **styret** ved akklamasjon.

**Revisor.** Sumergo DA blei samrøystes vald som ny revisor.

**Ordførar i Representantskapet.** Bjørn Bråtveit blei samrøystes vald ved akklamasjon.

### **Valkomité – 1 år**

Kjerstin Ropeid, Steinar Borgen og Arne Øvstebø blei samrøystes attvalde ved akklamasjon.

**Budsjett og arbeidsplan** for 2012 blei lagd fram til orientering.

### **Eventuelt**

Enkeltspørsmål og kommentarar frå representantane blei svart på etter kvart i møtet.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.

## **TILSETTE**

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Anne Lise Tyssebotn Gjesdal, kontormedarbeidar, 40 % stilling. Tilsett 01.04.1988.

Etter lengre tid med samanhengande sjukemelding (sidan nov. 2010), har ho sagt opp stillinga si 20.05.

Olaug Marie Høie, kontormedarbeidar. Tilsett 26.03.2001.

Endre Hodnefjell, hjelpearbeidar, 58 % stilling. Tilsett 21.10.1985.

Joran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Lee Johnsgaard Hinley, fagarbeidar. Tilsett 01.04.2008.

Dariusz (Darek) Gol, maskin- og vedlikehaldsarbeidar. 1 års kontrakt.

Hodnefjell var sjukmeldt i 50% frå 01.01. – 15.01. og 05.11. – 16.12.

I tillegg til denne arbeidsstokken disponerar vi 40 % av ein forskarstilling. Stillinga er oppretta ved ein samarbeidsavtale mellom Arkeologisk museum – UiS, Stavanger botaniske hage (Stavanger kommune) og Rogaland Arboret. Det er Arkeologisk museum – UiS som administrerer og har det formelle arbeidsgjevaransvaret for denne stillinga. Anne-Cathrine Scheen blei fast tilsett i denne stillinga 01.10.2011, etter at ho hadde vikariert i stillinga sidan 01.09.2010.

## **EKSTRAHJELP**

Åshild Birkeland, student, vaskehjelp (114 t.)

Ingeborg Oseland, student, vaskehjelp og sommarhjelp (tot. 230 t.)

Lisabeth Oseland, skuleelev/student, vaskehjelp (82 t.)

Ingrid Høie Vadla, student, sommarhjelp (225 t.)

Gunnvor Margrethe Skjørestad, student, sommarhjelp (50 t.)

Sigmund Oseland, student, sommarhjelp (150 t.)

Johannes Oseland, student, sommarhjelp (150 t.)

## ARBORETPRISEN

Prisen får sitt synlege uttrykk i form av ein liten bronsemodell av inngangsportalen. Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester.

### Følgjande har til no motteke prisen:

1990	Sandnes Sparebank	1997	Esso Norge
"	Johan Eik	"	Kverneland Underhaug
"	Sjur Svaboe	"	Stavanger tekniske fagskole
1991	Torstein Braut	1998	SpareBank 1 SR-Bank
"	Arne F. Bryne	1999	Sven Åsland
"	Ingebret Folkvord	"	Lions Club Sandnes
"	Tormod Hagen	"	Lions Club Sandnes Ganddal
"	Alf Klingsheim	"	Lions Club Sandnes Høyland
"	Torleiv Todnem	"	Lions Club Sandnes Riska
"	David Vatne	"	Lions Club Gjesdal
1992	Einar Biørn-Hansen	2000	Osmund Nygaard Hove
"	Jon Gjedebo	2001	Leif Refsnes
"	Jonas Nygaard	2003	Egil Skadberg
"	Anton Thomsen	2005	Statskog
1993	Lyse Kraft	2006	Sigurd Aarsland
1994	Conoco Norway	"	Sven Halsne
"	J.J. og Lars Øglænds fond	2007	Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)
1995	Einar Søndeland		
"	Alf Hansen		

## MAGNOLIAPRISEN

Magnoliaprisen blir delt ut til personar som i særleg grad har styrka Rogaland Arboret sitt arbeid med å synleggjera naturmangfaldet, og bidrege til auka kunnskap om og interesse for naturmiljøet. Denne nye utmerkinga har form av ein diplom, utforma av Herborg Kverneland.

2009 Tore Randulff Nielsen



## MARKERING I SAMBAND MED 40-ÅRS JUBILÉET

### Etablering av Stiftelsesparken:

Dei **bidragsytande kommunane og fylket** blei invitert til ei særskilt markering av 40-års jubiléet 20. april, der også pressa blei invitert.

For å understreke og underbygge koplinga mellom institusjonen og stiftarane, blei dette markert med opninga av «Stiftelsesparken». Her fekk representantane for bidragsytarane plante kvar sitt tre, dvs. 9 ulike bøketre, som eit varig minne og med ynskje om eit godt samkvem i framtida.

I etterkant blei det lagt på plass ein stein med bronseplate, og som vil minne våre besøkande om viktigheten av det bidraget som stiftarane utgjær.

**Rogaland fylkeskommune** overraska alle dei framømte med å opplyse at dei hadde med seg 50.000 kr i gåve om ekstrastøtte til jubilaranten.

Arrangementet var vellukka, og blei gjennomført i ei ramme av positiv og god atmosfære.

### Arboretets Dag:

Dette arrangementet gjekk av stabelen 26. august. Med godt vær, godt besøk og dugnadshjelp frå styremedlemmar, ivrige Arboretvenner og andre medhjelparar blei denne dagen vellukka.

Her var **ulike aktivitetar** og tilbod for dei besøkande å kunne ta del i, med div. utstillingar, soppkontroll, spikking, rebusløp, tur med firhjuling, natursti, omvisningar og poesti.

Samarbeidsaktørar denne dagen var Jærsoppen, Statskog, HTM-klubben, Husflidlaget og Norsk Folkehjelp.

Dagen markerte også starten på eit opplegg som var tenkt som ein forløpar til ei meir permanent naturstiløype.

Martha Lea tok initiativ til å få engasjert pensjonert journalist Oddvar Lavold i å skrive eit **jubileumshfte** om Arboretet si historie for dei siste 10 åra.

I jubileumsåret kunne vi elles glede oss over at **Gjesdal kommune** på eige initiativ vedtok å auke driftsbidraget med 50%, dvs. frå 5,00 til 7,50 pr. innbyggjar.

Etter bortfall i 2011, kunne vi glede oss over at **Time kommune** kom tilbake på banen med sitt bidrag for 2012.

## DUGNAD OG ARBEIDSHJELP

Heilt sidan 1985 har vi hatt eit godt og nyttig samarbeid med elevar og lærarar frå **Gand videregående skole**. Lærar Helge Mattingsdal har heile denne tida hatt ansvaret for ei gruppe elevar som har hatt arbeidstrening kvar veke her. Dei seinare åra har han hatt med seg andre kollegaer, som dette året var Sigurd Sigurdson og Ole Johan Bringeland. F.o.m. hausten 2009 har gruppa blitt delt, slik at dei har vore her og hjelpt oss 2 gonger i veka.

Ved at elevane får god oppfølging heile tida, er dette opplegget for det meste sjølvgåande. Med litt tilrettelegging i form av utstyr og køyretøy, klarar dei seg utmerkt på eiga hand. I dette opplegget får elevane øving i diverse praktisk utarbeid, samstundes som vi får utført oppgåver som mange av våre besøkande kan glede seg over. I løpet av året har vi fått god hjelp til å få flislagt lange strekningar med stiar og vegar, klargjering og utkøyring av ved, klargjering av hotellsåper til vern mot rådyr og lettare preparering av vegar og P-plassar. I tillegg har dei støtta opp om aktivitetane her ved å lage 15 nye kassar til Fugleprosjektet. Opplegget er ei bonusordning for oss, men er i realiteten eit vinn-vinn-opplegg for begge partar.

**Lions-klubbane** i regionen har heilt sidan 1990 hatt ansvaret for kafeteriadrifta i Aktivitetshuset vårt. Takka vere denne kontinuerlege frivillige innsatsen, med idealisme og velvilje, har det gitt Arboretet sårt tiltrengte og årvisse inntekter. Dette samarbeidet har igjennom alle desse åra vore av stor verdi for Arboretet, og har på denne måten skapt eit tilbod for våre besøkande gjennom heile året. Mange av våre gjester har gjort det til ein fast vane med eit besøk i kafeteriaen på søndagsturen.

**Oddvar Lavold** støtta Arboretet ved å utarbeide gratis eit oppsett til jubileumshefte som skulle dekke den siste 10-års perioden, 2002 – 2012.

**Sandnes Rotary Klubb** var på dugnad i Arboretet 8. mai. Dei hjalp oss med å leggje ut flis på fleire stiar i området ved gamleskogen Gløersens Minne.

**Oddvar Kåre Hansen** hjalp oss ca 1 veke med framdraging av stokkar og greiner på hogstfeltene ved Aktivitetshuset og ved Vassvikveien.



## FORSKINGSRELATERT AKTIVITET

### Fagkontakt og forskningssamarbeid

Arbeidet med Lindeprosjektet har dette året blitt lagt på is i påvente av resultatet etter det betydelege tapet pga. rotfrostskade på grunnstammene under oppformering hos Folkvord Planter. Dette prosjektet har over tid fått mange skot for baugen ved ein serie av uheldige faktorar som vi har hatt liten sjanse til å påvirke.

I juli fekk vi besøk av den danske *Rhododendron*spesialisten Ruddi Perriard. Det meste av plantematerialet som vi fekk gratis til den nye artssamlinga, blei levert av han. Ved dette besøket fekk vi sikra oss supplerande opplysningar om historikken til desse plantene.

Samarbeidet med Arkeologisk museum – Universitetet i Stavanger og Stavanger botaniske hage betyr m.a. at vi har fordelene av å dele på driftskostnadane på hagedatabasen IrisBG. Databasen er stasjonert på Stavanger kommune sin dataservert, men vi har tilgang til basen via ekstern pålogging. Ved dette samarbeidet får vi også avlastning ved at administrasjon og utsending av frø til frølista vår, Index Seminum, skjer i Stavanger botaniske hage. Det blei samla inn frø av 18 ulike artar, for det meste av rogn og asal (*Sorbus*).

### Rapport frå vitenskapeleg medarbeidar, Anne-Cathrine Scheen:

Denne stillingen er et resultat av det pågående samarbeidet mellom Rogaland Arboret, Stavanger botaniske hage (Stavanger kommune) og Arkeologisk museum (Universitetet i Stavanger). Scheen fordeler tiden sin mellom de tre partene og jobber gjennomsnittlig to dager i uken for Rogaland Arboret.

I 2012 har Scheen vært ansvarlig for å planlegge de to arrangementene i forbindelse med Arboretets 40-års jubileum. Den 20. april ble Stiftelsesparken anlagt i Rogaland Arboret, da ordførere fra de åtte Jær-kommunene og fylkeskommunen plantet hvert sitt bøketre. Arboretets Dag den 26. august var en aktivitetsdag for publikum i alle aldre. Da kunne de besøkende være med på rebus, natursti og omvisninger i Arboretet. I tillegg var det flere utstillingsboder om trearbeid og sopp. Barna kunne spikke seg en pølsepinne, knagg eller liknende og kjøre en runde rundt Skittjørn i vognen til Norsk Folkehjelp, som hadde stand i Arboretet den dagen.

Scheen holdt foredrag for gruppen av lærere på årets lærerkurs som ble holdt den 10. april, der hun fortalte om Arboretets viktigste oppgaver og Arboretets samlinger. Scheen holdt omvisning i Arboretet 30. april for en gruppe gartnere og hagearkitekter og for besøkende under Arboretets dag 26. august. Scheen representerte Rogaland Arboret på årets Skolemøte for Rogaland i Stavanger Forum den 16. november.

Dessverre ble det ikke samlet inn frø til Index Seminum (frølisten) og frøbytteordningen med andre botaniske hager og arboret i løpet av høsten 2011. Dermed ble det ikke sendt ut frøliste eller frø fra Rogaland Arboret i 2012.

## FORMIDLING OG FORVALTNING

### Undervisning og informasjon

#### Kurs for lærarar

For femte året på rad blei det arrangert gratis kurs i Aktivitetshuset 10. april. Kurset var spesielt tilpassa for lærarar, men var elles ope for andre interesserte. Det var 17 påmeldte som representerte 14 ulike skular. Ansvarleg for gjennomføringa av kurset var lektor ved Universitetet i Stavanger, Inge Christ. Han hadde sendt ut ein del informasjon til deltakarane på førehand, som basis og underlag for dette opplegget. Tanken er at kursopplegget skal utviklast vidare og danne eit grunnlag for mer permanente naturstier i Arboretet.

#### Informasjonsprosjektet

Styret vedtok å vidareføre prosjektet for ein ny femårs-periode, dvs. 2011 – 2015. Det er eit uttalt mål å styrke det generelle informasjonsarbeidet i Arboretet. I denne fasen betyr det oppgradering av kartbasen inkl. nytrykk av kart og etablering av naturstiar. I tillegg har det over tid vore eit ynskje å kunne utarbeide eit fleksibelt undervisningsopplegg, som både skulane og andre interesserte besøkande kan gjere seg nytte av.

Konvertering, samanstilling og testing av grunnlagsmaterialet til oppgraderinga av kartbasen blei gjennomført i 2012. Pga. arbeidsmengda hos vår leverandør, fekk ein ikkje starte på sjølv oppgraderingsarbeidet dette året.

I dette prosjektet gjenstår det å plassere ut 6 store informasjonstavler, på strategiske punkt rundt om i Arboretet. Det har også blitt brukt tid på utarbeiding av diverse informasjonsstoff som er utforma til bruk på desse tavlene.

## OMVISING OG ORIENTERING 2012

30.04.	Gartnarar og landskapsarkitektar	Omvising	Scheen
22.05.	Sandnes Rotary Klubb	Omvising	Lima
25.05.	Gruppe frå Sola eldresenter	Omvising	Stangebye
29.05.	Klepp damekor	Omvising	Lima
29.05.	Round Table ++ Stavanger	Omvising	Lima
31.05.	Gourmetklubben Finkå	Omvising	Lima
07.06.	Nærbø Rotary Klubb	Omvising	Lim
14.06	E.ON E&P Norge a.s.	Omvising	Lima
18.06.	Gebursdagsgave-omvisning	Omvising	Lima
26.06.	Gruppe frå Sola eldresenter	Omvising	Stangebye
09.08.	Hageselskapet Mysen og Eidsberg	Omvising	Lima
26.08.	Arboretets Dag	Omvising	Scheen og Lima
06.09.	Sviland skule 6. trinn	Soppundervisn. og soppkontroll	Gjesdal
10.09.	Lura skole 7. trinn	Soppundervisn. og soppkontroll	Gjesdal
25.09.	Sviland skule 7. trinn	Soppundervisn. og soppkontroll	Gjesdal
13.11.	Øksnevad vgs.	Omvising	Lima

## FUGLEPROSJEKTET

Allereie i 1978 blei det hengt opp 24 fuglekassar rundt om i Arboretet. Av hensyn til dei mange andre oppgåvene som måtte prioriterast, kunne vi ikkje drive oppfølging av desse. Registreringa blei i denne perioden difor litt tilfeldig. Dei fleste av desse kassane var nok helst borte då «Fugleprosjektet» kom i gang i 1991.

Preparant Odd Låtun ved Stavanger Museum, tok initiativet til å få produsert og hengt opp heile 88 fuglekassar. Odd Carlsson og Jim Lea tok seg av oppfølginga av desse, og Magnar Bø hadde frå starten av ansvaret for ringmerkinga.

Antalet fuglekassar som har hengt oppe, har variert litt gjennom åra. I 1994 var antalet 141 kassar. I 2006-sesongen hang det oppe ca 125 kassar.

F.o.m. 2009 har elevar frå Gand vgs. bidrege årleg med å produsere nye kassar til prosjektet.

I 2012 hang det oppe ca 130 kassar.

Det blir årleg lagt ned mange dugnadstimar i dette prosjektet.

## Ringmerking i Rogaland Arboret 2012

Ansvarleg for prosjektet er Magnar Bø.

<b>ART</b>	<b>REIRUNGER</b>	<b>VOKSNE</b>	<b>SUM</b>
Kattugle	2	-	2
Rødstrupe	-	1	1
Rødvingetrost	4	-	4
Svarttrost	4	6	10
Svartkvit fluesnapper	-	5	5
Kjøttmeis	167	64	231
Svartmeis	57	13	70
Blåmeis	38	11	49
Granmeis	-	3	3
Spettmeis	6	-	6
Stær	22	-	22
Bokfink	-	2	2
Bjørkefink	-	4	4
Grønnsisik	-	6	6
Dompap	-	6	6
Gulspurv	-	1	1
<b>Totalt 16 arter</b>	<b>300</b>	<b>122</b>	<b>422</b>

## Oppsummering av ringmerka fugl i Rogaland Arboret 1991–2012

ÅR	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
1991 – 1992			509
1993	440	81	521
1994	439	197	636
1995	427	175	602
1996	572	40	612
1997	504	16	520
1998	239	30	269
1999	324	28	352
2000	212	1	213
2001	121	25	146
2002	188	4	192
2003	102	3	105
2004	208	142	350
2005	268	416	684
2006	371	289	660
2007	443	253	696
2008	293	373	666
2009	366	209	575
2010	466	162	628
2011	471	134	605
2012	300	122	422
<b>TOTALT</b>			<b>9963</b>

Det er ringmerka totalt 9963 individ i perioden 1991 – 2012, fordelt på 43 artar.

Pr 31.12.2012 er det observert totalt 120 artar i Arboretet.

Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan du få om du tek kontakt med kontoret.

### Andre observasjonar:

I gamleskogen Gløersens Minne, har vi også dette året registrert at svartspetten har opphalde seg utover hausten og vinteren.

I det same området kunne vi utover sommaren høyre den spesielle songen til den sjeldne boksongaren. Vi registrerte den første vellukka hekkinga av kattugle i kassen som er hengt direkte på ytterveggen av betonggarasjen. Mår blei observert på dagtid også dette året, øvst i Rhododendrondalen.

### REGISTRERING AV SOPP

Dei første listene over registrert sopp i Arboretet blei førde i 1994, og sjølv om vi ikkje har gått systematisk til verks med dette arbeidet, er det fram til idag registrert totalt 187 artar her. Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan du få ved å ta kontakt med kontoret.

På 1990-talet blei det løyvd midlar og sett i gang eit landsomfattande soppkartleggingsprosjekt i Noreg. No kan alle i Noreg registrera funn av sopp (og planter) i ei sentral database. Nettstaden er [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no).

Rogaland har eigen regionsansvarleg når det gjeld soppkartlegging, Kari Blikra, som kan gje råd og vegleing om prosjektet.

Informasjon, kurs, utstillingar og andre aktivitetar knytta til sopp i Arboretet, skjer ved frivillig innsats av medlemmar i foreninga **Jærsoppen**.

Soppkontrollane i Arboretet er på same måte basert på frivillig innsats av soppakkyndige.

## Rapport fra soppsesongen og aktiviteter i 2012 v/Ellen Tjørnholm Bøe:

Generelt kan en si at soppåret 2012 var svært dårlig. Selv om det regnet en del, var det varmt. Kombinert med vind tørket det ut mose og vegetasjon i overflaten av skogbunnen slik at soppen tørket ut.

En sopp som det likevel ble alarmerende mye av i Arboretet var spiss giftslørsopp. I tillegg var det noen kremlearter og et par kantarellarter, men ellers var det så å si tomt for sopp. Traktkantarellene kom ikke før godt ut i oktober, og ikke i slike mengder vi vanligvis finner. Uttaket av skog i grenseområdene til Arboretet ødela også en del av soppområdene ved at det ble kjørt opp skogsveier, og skogbunnen ble mer eksponert for den varme vinden.

**Arboretets Dag 26. august** var startskuddet for soppkontrollene. Så pass tidlig i sesongen var det ikke så mange kurver å kontrollere, men det var utrolig mye folk som var interessert i soppstillingen. Jærsoppen vektlegger å gi informasjon og opplæring under soppkontrollene for å forhindre forgiftninger. Vi har laminert opplysninger fra giftinformasjonssentralen på mange språk, som vi legger ut på soppkontrollene. Mange benytter seg av soppkontrollen i Rogaland Arboret, og vanligvis finner de fleste sopp her.

## 2. september – Soppens dag

For femte året på rad ble Soppens dag arrangert i Norge, Sverige og Danmark. Jærsoppen markerte dagen i Rogaland Arboret.

Vi arrangerte introkurs i sikre sopper (1 time) med påfølgende tur i Arboretet sammen med soppakkyndige.

Det ble holdt soppkontroll med en liten utstilling, og servert smaksprøver på soppesuppe og andre godsaker med smak fra naturen.

Soppakkyndige fra Jærsoppen gikk turer i Arboretet i forbindelse med soppkurs i midten av september. Også her var det svært lite sopp å finne. Noen få kremler var resultatet i soppkurvene.

Vi ser at det fortsatt er svært viktig å holde soppkontroller, ikke minst til våre nye landsmenn og innvandrere som liker å høste, men som ikke er kjent med de norske soppene.

## FLAGGERMUSPROSJEKTET

Prosjektansvarleg er Leif Gjerde, **Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus** (NIFF).

### Bakgrunn

I 1990 startet Stavanger museum et fuglekasseprosjekt i samarbeid med NOF avd.

Rogaland.

Både i 1992 og 1993 var en fuglekasse bebodd av flaggermus. 3 kasser var i bruk av flaggermus både i 1994 og 1995.

I juli 1994 ble Rogaland Arboret besøkt av Leif Gjerde fra Nordre Øyeren Biologiske Stasjon (NØBI). I forbindelse med et kartleggingsprosjekt på Jæren hadde Gjerde fått tips fra Bjørn A. Stangebye om flaggermus i loftet på hytta. Arboretet ble derfor besøkt av Gjerde hvor Stangebye ga en omvisning i området. I forbindelse med dette nevnte Stangebye at enkelte fuglekasser ble besøkt av flaggermus. I brev den 18. mars 1995 foreslår derfor Gjerde at det settes opp spesialkasser for flaggermus. Først 2 år senere (31.01.1997) ringer Stangebye Gjerde for å diskutere et mulig kasseprosjekt for flaggermus i Arboretet. Således ble det sommeren og høsten 1997 hengt opp 36 flaggermuskasser i Arboretet. I 1998 ble alle kassene kontrollert 3 ganger. Da hadde allerede 11 av disse kassene spor av flaggermus.

Med opprettelsen av Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF) i 1997, har personer fra NIFF gradvis overtatt prosjektet. I dag er det Leif Gjerde som koordinerer prosjektet. Siden er flere nye og egenkonstruerte kassetyper blitt testet i Arboretet. 4 betongkasser konstruert av Denyer har hengt oppe i flere år. I 2007 ble det hengt opp 12 nye trekasser (på 6 trær), konstruert av Gjerde.

## **Arbeid og status 2012**

### **Sjekking av flaggermuskasser 5. september:**

Arbeidet ble utført av Knut Åge Storstad som en del av et flerårig prosjekt i regi av Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus. Med på turen var også Tonje Fjermestad Aase, Kristin Espeset, Ann Meeks Hjemgaard og sønnen Njål, i tillegg til Ragnhild Hoff og Trond Magne Storstad.

15 kasser ble kontrollert for hvilende flaggermus og harem/høstspill kl 18.15 – 20.45. Ingen flaggermus ble funnet. Trekassene som hadde hengt oppe i mange år, var stort sett råtnete, og mange hadde falt fra hverandre. Noen nyere kasser manglet bunn. Ellers ble det funnet vepsebol i ei kasse, og spettehull i flere av kassene.

Etter kontroll av kassene, ble det gått en runde i Arboretet for å lete etter jaktende flaggermus med ultralyddetektorer. I skogkanten ved indre parkeringsplassen, kl 21.00 (UTM 32 V 315869 6523428 WP9) ble 2 jaktende dvergflaggermus (*Pipistrellus pygmaeus*) funnet. Disse dyra ble kikket på i ca 15 minutter, før kvelden ble avsluttet.

### **Leting etter overvintrende flaggermus og vedlikehold av flaggermuskasser 5. november:**

Arbeidet ble utført av Knut Åge Storstad.

Det ble satt inn nye bunner av isoleringsrør (av polyetenscum) i 9 eksperimentkasser. Gamle trekasser ble kun kontrollert for overvintrende flaggermus. I alt 17 kasser ble kontrollert. Det ble også søkt etter overvintrende flaggermus andre steder i Arboretet. I alt 7 overvintrende individ ble funnet, som etter alt å dømme var dvergflaggermus (*Pipistrellus pygmaeus*).

Mer informasjon om kasseprosjektet kan leses på [www.flaggermus.no/kasser](http://www.flaggermus.no/kasser)



## GENERELT PLANTEARBEID

Det årlege vedlikehaldsarbeidet som tiltak mot rådyr, gjødsling, oppstamming, beskjæring, rydding, hogst med etterfølgjande fliskutting har i stor grad gått sin gang som føregåande år.

Til vern mot rådyr og feieskader blei det hengt opp ca 2.000 småsåper på dei mest utsette plantene.

Også dette året blei det fordelt ut ca 3.000 kg beinmjølbasert gjødsel (Marihøne+ 8-4-5).

Nettingvernet rundt plantene på plenen i Magnoliahagen blei oppjustert dette året.

Utviklinga av lusproblemet hos nordmannsedelgrana i juletrefeltet såg dette året ut til å stansa opp, så vi slapp heldigvis unna ekstra tiltak her.

Pga. fleire uheldige faktorar, rakk vi dessverre ikkje å kome i mål med vinterdekkinga av granbar, før den langvarige téla allereie hadde festa grepet.

Dette året mottok vi planter frå følgjande leverandørar: Folkvord Planter as, Hove Plantesalg, Tronsholen Hagesenter, Oddbjørn Fosse og Daniel Torsvik.

### Vegetasjonskontroll

For å kunne oppretthalde ei viss grad av kontroll med den sterktveksende grasvegetasjonen i dei mest trafikkerte områda, har vi jamnt over 2 – 3 ryddesager i drift gjennom sommarseongen.

Parallellt med dette har det blitt utført ein god del supplerande luking rundt enkeltplanter i dei mest sentrale og plantetette områda.

Bekjemping av seigliga ugras, som t.d. skvallerkål og åkersnelle, er ei stor utfordring innmellom buskplantingar og tettare tregrupper.

Hundekjeks er ein art som er i sterk spreing langs grasmarker og vegar i kulturlandskapet, og som har fått fotfeste nokre plassar i Arboretet. Landøyda er også ein art som er i spreing og dannar raskt nye koloniar.

Det har også krevd ein del innsats å redusere oppslaget av bringebær- og bjørnebærkratt som dukkar opp rundt omkring i heile området.

### Dammar, vegar og plenar

Dette året blei det luka vassplanter både i Fiskedammen og langs kanten av Øvre Dam.

Vi har elles store utfordringar å ta tak i ved lekkasjane rundt overløpa på fleire av dammane, særleg Øvre Dam, Nedre Dam og Madammen. Sjølv om dei mest akutte lekkasjane har blitt tetta, renn framleis mykje av vatnet utanom sjølve utløpsrennene.

I bekkeløpet nedanfor Fossedammen forsvinn mykje av vatnet ned i den steinete og ustabile undergrunnen.

Den nedre delen av bekkefaret / grøfta mellom Barlindfeltet og Tjørnveien blei reinska opp, heilt ut til Skittjørn.

Stadig meir tid har gått med til førebygging av flaumskader langs vegane, og reparasjon i nedbørsrike periodar, særleg utover hausten og vinteren. Dette arbeidet betyr også fortløpande sjekking og oppreinsking av alle utsette grøfter, stikkrenner og røyr.

Mange av vegane våre er dårleg fundamenterte, og er blitt nedslatne. I fuktige periodar betyr det at desse blir raskt sørpete og toler lite med belastning.

I mangel på god profil og tilstrekkeleg med drenerande sidegrøfter, blei spesielt nedre del av Via Bella tydeleg prega av all nedbøren. Her må det til ein større innsats med gravemaskin for å bøte på problemet. For å klargjere til dette grøftingsarbeidet, blei det utført ein del førebuaude hogst langs vegen her.

Ein del preparerings- og dreneringsarbeid blei utført på øvre del av Fjellveien. I tillegg blei den fuktige Ekorstien preparert med eit nytt gruslag.

For å lette tilgangen til ein del av det nye området i nordvest, blei det lagt ned 2 stålrør i grøfta på oversida langs Myklabustveien, ovanfor Fossedammen.

Mange av plenflatene våre er humpete og ujamne, og med stein som dukkar opp i overflata. Dette er ei påkjenning både for mann og maskin, så behovet for oppgradering gjer seg absolutt gjeldande. Dilemmaet er her som i andre samanhengar, at den totale ressurs- og mannskapsmessige situasjonen gjer det vanskeleg å kunne prioritere slikt tidkrevjande arbeid.

Langs Utsikten blei det opparbeida 6 nye strategisk plasserte bordplassar, men borda manglar. Vi skulle så gjerne hatt midler og kapasitet nok til å kunne lage nye utebord.

### **Rydding og hogst**

I kjølvatnet av hogsten til Statskog i 2011, blei det lagt ned mange timar på eit omfattande og tungt oppryddingsarbeid, både ved Aktivitetshuset og på sørsida av Vassvikveien.

Oppslaget av vegetasjon er formidabelt etter slik flatehogst, og det er avgjerande viktig at slike hogstfelt blir tilstrekkeleg rydda for å sikre eit enklast mogeleg vedlikehaldsarbeid i ettertid. Store mengder med nedkøyrde og samanfiltra greiner måtte fjernast. Det einaste hensiktsmessige i denne situasjonen var å satse på brenning av greinene.

Gravemaskinen var viktig i dette tungarbeidet, men ein stor manuell innsats måtte til for å kunne sikre ei kontrollert og god brenning.

Heldigvis gjorde årstida og relativt gunstige værforhold sitt til at brenningsarbeidet kunne pågå tilnærma dagleg i denne perioden.

Dette oppryddingsarbeidet pågjekk samanhengande i perioden frå midten av januar til midten av mars.

I etterkant av rydde- og brenningsarbeidet blei det utført flekkvis overflatepreparering i hogstfeltet sør for Vassvikveien, m.a. for å gjere framkomsten enklare for traktor.

Sjølv om Statskog hadde utført ein bevisst og varsam tynningshogst i Gløersens Minne, blei det også her brukt ein del tid på framdraining av greiner.

I løpet av dette året blei det utført varierende grad av hogst i følgjande område: Langs nedre del av Via Bella, på Lønneåsen, mellom Poppelstien og Utsikten, ved øvre del av Fjellveien og i skråninga aust for David Vatnes vei.

Mot slutten av året blei det hogd mange tre i den ytre delen av hogstfeltet sør for Vassvikveien.

I arbeidet med å få fram tømmeret, har vi vore heilt avhengige av tilgang på vinsj.

Det blei rydda mykje lauvratt og småtre i den sørlege delen av Gløersens Minne, i tillegg til lettare rydding langs Øvre Damvei og ved Eventyrveien.

Utover seinhausten starta det omfattande arbeidet med oppstamming i det utvida skogområdet vårt sørvest for Skogarberg. Dette resulterte i mykje etterfølgjande greindraing og fliskutting. Parallelt med dette blei det utført ein del mindre uttyning og småhogst i det same området.

Heldigvis var det kun eit mindre antal tre som falt over ende i stormen natt til 23. desember enn det som vi kunne ha grunn til å forvente. Oppryddingsarbeidet etter slikt vindfall, var både tidkrevjande og ikkje utan risiko.

### **Flis og ved**

Det blei dette året lagt ut store mengder flis på mange av småstiane rundt omkring i anlegget. Dette viste også igjen i flisdeponiet, som minka merkbart etter denne aktiviteten.

Vedproduksjonen dette året var ikkje særleg stor. Ein del tømmerstablar blei liggjande m.a. fordi vedlageret hadde hopa seg opp.

Det har alltid vore ei stor utfordring å oppretthalde eit tilstrekkeleg stabilt og fungerande dekke over vedstablane. Folk vil helst ha tørr og brennklar ved når dei bestillar.

### **Brannvern**

Kvart år har vi besøk av fleire grupper frå brannvesenet som får ei oppdatering over anlegget og området. Denne kontakten er viktig for oss, også i forhold til det førebyggjande arbeidet. Røyrlidningsnettet, 2,2 km langt og med 22 hydrantar, krev tilsyn og oppfølging for å sikre at anlegget til eikvar tid er operativt. Reingjering, ifylling og uttapping er årlege oppgåver i denne samanheng.

Utover våren kan sol og vind endre brannfaretrusselen frå «ingen» til «stor» på få timar. Ein sneip er nok til å utløyse den store katastrofen. Det uroar oss sterkt når vi finn etterlatne eingongsgrillar og bålrestar på denne tida av året.

## **BYGNINGAR OG ANLEGG**

I mars starta anleggsarbeidet som resulterte i ein ny parkeringsautomat ved den inste P-plassen, med tilhøyrande lys- og kameramast. Oppgraving av lange kabelgrøfter og montering av 3 nye fundament var ein del av dette arbeidet. Med tilkopling til eksisterande anlegg, blei det mange meter kabel som skulle trekkast og mykje tilpassingsarbeid. Den nye automaten kom i drift 24. mai.

Jamnleg bruk og slitasje knytta til utleige og kafeteriadrift i Aktivitetshuset og Tømmerhytta, betyr også behov for jamnleg vedlikehald.

Utanom det faste reingjerings- og vaskearbeidet, blei alle bordføtene grundig skura og etterbehandla med grønsåpe i Aktivitetshuset.

Over kjellarinngangen til Aktivitetshuset blei det gjort eit tettingsarbeid for å hindre nedsig av fukt.

Brønnen ved Aktivitetshuset blei tømt og reingjort i slutten av august.

I Tømmerhytta blei det montert eit nytt spotlight-armatur.

Pga. problem knytta til el-systemet på lysgata langs Grevlingveien, blei det her brukt ein del tid på reingjering og feilsøking.

I Blokkhuset blei det montert ein ny vaskemaskin for å halde tritt med det stadige behovet for reine filler og moppar.

Det var meldt om at dette året var smågnagarår, og vi har merka ein større pågang av mus i bygningane enn normalt.

## **Bil, maskinar og utstyr**

Ein gearreparasjon, registerreimskifte og ei livsforlengande understellsbehandling var det som skulle til for å få vår Mitsubishi pick-up i topp stand.

Dette året blei det fortløpande utført reparasjonar og vedlikehald i eigen regi på både traktorar, gravemaskin, fliskuttar, traktortilhengar, tømmervogn, vedmaskin og anna maskinelt utstyr.

MF365-traktoren blei levert inn for ein større hovudservice, og plenklypparen måtte inn til ein ekstra reparasjon mot slutten av sesongen.

Mange driftstimar i høg og seig vegetasjon slit på ryddesagene, og det måtte investerast i ei ny dette året. Det blei også dette året kjøpt inn diverse reiskapar, verktøy, verneutstyr og anna verkstadrekvisita etter oppgåver og behov.

## **KONTOR OG ADMINSTRASJON**

Dei fortløpande kontor- og administrasjonsoppgåvene er mange og ulike, og blir i stor grad utført av vår kontormedarbeidar.

Det daglege tilsynet og utleige av Aktivitetshuset og Tømmerhytta er også oppgåver som følgjer med denne stillinga. I tillegg følgjer ansvaret for oppfølging av Arboretvennane, oppfølging av styresaker, fakturering, rekneskapsoppfølging og arkiveringsarbeid.

Utfordringane er store også innan det grøntfaglege kontorarbeidet. Ved at vår tidl. medarbeidar (i 50% stilling), etter ein lang sjukmeldingsperiode dessverre måtte slutte, har vi ikkje fått dekkja inn denne funksjonen, og etterslepet aukar. Det gjer seg m.a. utslag i manglande kapasitet ift. etikettering og anna fagleg oppfølgingsarbeid som m.a. har adresse til hagedatabasen.

Fagbiblioteket blei dette året utvida med 124 nye titlar, og inneheld totalt 1.602 titlar.

Den lenge udekka stillinga som grøntfagleg kontormedarbeidar, har resultert i eit etterslep av katalogiseringsarbeidet som strekk seg over nærare 3 år.

Biblioteket utgjer etterkvart ei betydeleg kunnskapskjelde til støtte i arbeidet med div. planlegging, informasjon, undervisning, referanse og dokumentasjon.

På kontoret måtte den eine PC-en skiftast ut, og det blei kjøpt ny laptop som blir disponert av driftsleiar. I samband med monteringa av den nye P-auomaten, blei det også behov for å bytte til ny PC til overvakingsanlegget.

## **PLANAR OM NYBYGG**

Behovet for meir plass til kontor, bibliotek, arkiv, lager, i tillegg til utstillings-, informasjons- og undervisningslokaler har vi kjent på i ei årrekke. I tillegg er det andre behov for tilbod som våre besøkande vil kunne ha både nytte og glede av. Dei økonomiske rammene for drift og utvikling har så langt hindra institusjonen i å kunne imøtekome desse behova.

Med dette som bakgrunn prøvde Styret å finna løysingar som skal kunne sikra Arboretet betre inntektsgrunnlag på lengre sikt.

Alt i 2007 kom tanken om eit kombinert bygg for konferanse, administrasjon, undervisning og informasjon. Konsulent blei involvert, og fleire arkitektforslag blei utarbeidde som grunnlag for planarbeidet vidare. Styret valde forslaget til Brandsberg-Dahls Arkitekter.

Konsekvensutgreinga blei ferdigstilt våren 2012. Utover året har det vore kontakt og diskusjon med Sandnes kommune ang. Arboretet sine preferansar ift. tomtevalg. Ei fornminneundersøking vil også vere påkrevd i området.

## DIVERSE

Det blei i 2012 inngått ein avtale med vår nabo, Håkon Kyllingstad, der han leiger ca 20 daa i det området sør for Vassvikveien som blei hogd ut av Statskog. Etter oppryddinga her, blei området gjerda inne, kalka, gjødsla og tilsådd som sauebeite.

Alternativt ville vi her fått store utfordringar med å halde nede vegetasjonen ved den sterke gjengroinga som skjer etter slik flatelogst.

Juletresalet held fram som før, i samarbeid med vår nabo Paul Kyllingstad. Han leiger området ved Driftsavdelinga til desse aktivitetane. Her blir det også laga til litt miljø rundt dette, med sal av julegraut og tilbehør dei siste laurdagane før jul.

Lions Club stod for julegrauten i kafeteriaen dei 2 siste søndagane før jul.

I ein periode utgjorde snømengda ei stor utfordring for salet og leveringa.

Utkøyringssalet av juletre held fram som tidlegare år.

«Arborettrimmen», som blir arrangert av Sandnes Idrettslag, er faste årlege innslag som går av stabelen utover seinhausten. Arrangementet blei fordelt over 4 laurdagar, i perioden 13. september til 1. desember. Ein trufast gjeng med eldsjeler har gjort dette til eit fast innslag som har vore arrangert i heile 33 år.

Lions Club arrangerte det årlege rullestølløpet «Full Rulle» 6. mai. Dette var som vanleg eit vellukka arrangement, og samla ca 60 humørfylte deltakarar, som kom frå både Sandnes, Gjesdal og Sola. Eldsjeler i Lions Club har hatt ansvar for gjennomføringa av dette positive opplegget i heile 22 år, hhv. Petter Berg og Jan Refsnes. Den lokale gruppa «Visegaukene» sørga for det musikalske innslaget, og sørga for ei glad ramme rundt dette arrangementet.

Jærsoppen, Sør-Rogaland sitt lokallag av Norges sopp- og nyttevekstforbund, har sidan stiftinga i 1992 nytta Arboretet som base for det meste av aktivitetane sine. Både Aktivitetshuset og Tømmerhytta har vore i bruk til møter, foredrag og kurs, som er opne for alle interesserte. Jærsoppen arrangerte 6 gratis soppkontrollar i Arboretet denne hausten.

Den norske Rhododendronforening, avdeling Sør-Vest, har sidan etableringa i 2009 hatt Arboretet som base for sine møter og aktivitetar. Foreninga har også eit samarbeid med Den norske Camelliaforening.

Rogaland Fuchsialag arrangerte sin årlege utstilling på Stevneplassen 19. august. Dette har foreninga gjort til ein fast tradisjon som har gått av stabelen heilt sidan 2002.

Høyland sokn arrangerte friluftsgudsteneste ved Stevneplassen 3. juni.

Skeiane Janitsjar kunne gleda dei besøkande med sin utekonsert ved Aktivitetshuset 17. juni.

NAF arrangerte refleksdemonstrasjon for 1. og 2. klassingar på parkeringsanlegget nokre kveldar i november.

Det gleder oss at stadig fleire aktivitetssenter og liknande institusjonar besøker Arboretet med minibussar. På denne måten får mange eldre og lite mobile ei ekstra oppmuntring i form av gode naturopplevsar i Arboretet.

## VEGAR OG STIAR I ROGALAND ARBORET

Alléen	270 m	Lønnestien	135 m
Asalveien	68 m	Madammen-stiane	155 m
Baksmett	120 m	Magnoliastien	109 m
Bekkefåret	60 m	Maurstien	140 m
Bergstien	296 m	Myklebustveien	210 m
Blåbærstien	202 m	Myrstien	259 m
David Vatnes vei	385 m	Mårstien	162 m
Eikestien	190 m	Nedre Damvei	213 m
Eikestubben	127 m	Nobelstien	100 m
Einerstien	120 m	Nålestien	80 m
Ekornstien	121 m	Olav Mois vei	176 m
Ertekroken	95 m	Parkveien	180 m
Eventyrveien	232 m	Poppelstien	45 m
Fjellveien	440 m	Revestien	210 m
Furustien	251 m	Rhododendronveien	165 m
Granstien	230 m	Rundgangen	694 m
Grevlingveien	616 m	Rådyrstien	235 m
Harestubben	105 m	Sandtakveien	135 m
Heggstien	132 m	Sigurd Aarsland-stien	498 m
Hemlokkstien	120 m	Solstien	580 m
Hyttestien	100 m	Stangebyestien	90 m
Kanalstien	78 m	Svingen	237 m
Kjærlighetsstien	125 m	Tangenten	40 m
Kristtornstien	210 m	Tjørnveien	175 m
Krokgangen	135 m	Tverrgangen	178 m
Langgangen	504 m	Uglestien	305 m
Lauvstien	66 m	Utsikten	305 m
Lerkestien	235 m	Vanngangen	80 m
Lyngstien	243 m	Via Bella	1200 m
Lønnekroken	185 m	Vårstien	111 m
		Øvre Damvei	280 m
<b>Sum vegar og stiar</b>			<b>13 434 m</b>

I tillegg finst det ein del flislagde småstiar:

Rhododendrondalen 462 m, Skittjørn-området 258 m, Fiskedammen 50 m, Serbarganfeltet 196 m, Lønneåsen 280 m, ved Gløersens Minne 948 m, ved Svingen 348 m, stiane i området ved Granstien/Solstien 335 m, ved Øvre dam/Magnoliahagen/Baksmett 264 m, Norske treslag 232 m og Prydkirsebærfeltet 80 m. Dette betyr at det finst eit nettverk av stiar i området på totalt 16 886 m.

I tillegg finst det eit stinett på fleire hundre meter, som ikkje er medrekna her, i det nye området vårt i nordvest (mot Myklebust og Melshei).



## STØTTE TIL ARBORETET

Vi vil takke alle våre bidragsytarar for store og små gåver !
